

Svar til Wenche H. Øpstebø, styrar i Leiketun barnehage

Eg vil starte med å seie at eg deler synet på kor viktig det er for barn og unge å vere ute i friluft og i naturen, derfor er det viktig at tilgangen på turstiar og friområde er god. På den måten er vi heldige i Meland, vi har mange flotte turområde som er godt tilrettelagde, av både kommunen og frivillige i samarbeid med ulike grunneigarar.

I dette konkrete tilfellet, som gjeld tilgang til Elvavika og Haltejohansvika frå Elvavegen, kjenner eg ikkje til at turvegen her er øydelagt av utbygginga som pågår der. Dette er normalt eit tema som kan, og bør, inngå i ein utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggjar. Kommunen har god erfaring med utbyggingsavtalar og prøver å inngå slike i alle utbyggingar.

I dette tilfellet ønskja ikkje utbyggjar å inngå utbyggingsavtaleavtale med kommunen. Utbyggjar fekk medhald i at dette skulle vere frivillig, når dei klaga til Fylkesmannen, sjølv om kommunen held fast i dette kravet. Så i dette tilfellet har vi ikkje det gode verktøyet som ein utbyggingsavtale vil vere.

I samband med at vi rullerte føresegnene til kommuneplanen i vår, har vi tatt inn som eit generelt krav at det skal inngåast utbyggingsavtale når ein realiserer alle godkjente reguleringsplanar. Dette har ikkje Fylkesmannen motsett seg, og for framtida reknar eg med at slike avtalar vil vere regelen.

For å finne ei løysing som er god for alle partar vil eg sjå til at kommunen tar kontakt med utbyggjar med mål om å komme fram til ei løysing som gjer tillangen til Elvavika frå Elvavegen god og trygg igjen. Eg ser at dette er viktig med tanke på den aktiviteten som vi ønskjer at barnehagane i kommunen skal kunne utføre.

Frekhaug, 21.9.2016

Øyvind H Oddekalv  
ordførar